TANAKH BIBELEN AL-QURAN
35mm | 5 min | 2007
REGI MANUS Ole Mads Sirks Vevle FOTO KLIPP Morten Skallerud LYD BJ Nilsen/Chris Watson
PROD Ingvild Hellesøy, Enkeltmannsforetaket OleMads Sirks Vevle

Ole Mads Vevle er tilbake med nok ein film som skil seg ut. Denne gongen er den kort, pen, reinskåren og befriande enkel. Til og med fortekstar og ettertekstar er uteletne. Det er tre store skrifter som er sentrale, og dei blir presentert som seg sjølve, som skrift på ark. Først blar me oss gjennom den jødiske bibelen side for side, dernest den kristne Bibelen og til sist den muslimske koranen. Fotograf Morten Skallerud har gjort ein formidabel jobb med avfotograferinga. Det heile er over på under fem minuttar, men på den tida har me blitt gitt tid til å reflektere over desse konkrete skriftene som dannar grunnlaget for store delar av jordas tru og religiøse overbevising. Me får ikkje med oss anna enn nokre flyktige ord eller teikn der teksten og teikna vakkert dansar i ordna flyt over filmlerretet. Kvite ark mot svart bakgrunn. Men me ser bøkene i sin konkrete form, og det er akkurat desse enkle bøkene og tolkinga av desse som har forma historia vår og som framleis gjer det. Dei er konsentrasjonar av makt. Er dette alt kan ein spørje seg, er det mogleg at så mykje kontrovers er samla i noko så lite og enkelt? Filmen balanserer på grensa til det banale, men landar på riktig side.
ØSL